

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Aurland, Fjordsenter
Dato: 13.06.2014
Tidspunkt: 09:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseiter	Medlem	SFFK
Hans Erik Ringkjøb	Nestleder	VOSS
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY
Silje Hjemdal	Medlem	HOFK

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Knut Moe	MEDL	MODA

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

Merknadar

Møtet vart gjennomført med svar på e-post.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 10/14	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 11/14	Stølsheimen landskapsvernområde - endring av stitrase for Vikafjellsruta frå rv. 13 til Sendedalen		2014/1714
ST 12/14	Stølsheimen landskapsvernområde - merking av sti frå Finnbunuten til Sendedalen		2014/2092
DS 3/14	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av materiale med snøskuter til Mørkves-Grøndalen i samband med istandsetjing av stølshus		2013/334
DS 4/14	Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon til landing med helikopter i samband med transport av varer til turisthytter i Stølsheimen		2011/2600
RS 5/14	Miljøvedtaksregisteret og plikt til registrering av enkeltvedtak i verneområder		2014/1036

ST 10/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 13.06.2014

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 11/14 Stølsheimen landskapsvernområde - endring av stitrase for Vikafjellsruta frå rv. 13 til Sendedalen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 13.06.2014

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev prosjekt «Vikafjellruta» v/visit Sognefjord løyve til:

- Merka den gamle turstien frå fylkesgrensa på rv. 13 og sørover til merkt sti i starten av Sendedalen.

- Setja opp retningskilt til Torvedalen og Målset der den umerkte stien i Sendedalen møter ny merkt sti frå fylkesgrensa. Vedtaket om løyve til oppsett av informasjonsskilt ved Telegraphhytta i Sendedalen er med dette oppheva.
- Det kan setjast opp retningskilt mot Torvedalen og Målset der stien kryssar rv. 13 på fylkesgrensa.

Vedtaket om plassering av informasjonstavle i verneområdet vert utsett til saka er diskutert med rådgjevande utval for Stølsheimen.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 5, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Merking av stien skal vera etter standard for merking av DNT-stiar. Raudt merke skal ikkje setjast oftare enn naudsynt. Raud måling skal ikkje nyttast på jordfast stein eller fjell.
- Retningskilta skal vera etter ny standard for merking av turstiar.
- Dersom det viser seg at den merkte stien fører til skade på verneverdiane, eller skapar problem for villreinen sin bruk av området, kan verneområdestyret krevja at skilt og merking av stien skal fjernast.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast naudsynt løyve frå grunneigarane i området. Før det kan setjast opp skilt ved rv. 13, må Statens vegvesen kontaktast.

ST 12/14 Stølsheimen landskapsvernområde - merking av sti frå Finnbunuten til Sendedalen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 13.06.2014

Handsaming i møte

Vedtaket i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtaket

Stølsheimen verneområdestyre utset avgjerd i saka om løyve til merking av sti frå Finnbunuten til Sendedalen, til saka har vore drøfta med fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen i samband med revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde. Det skal vera møte med utvalet i september 2014.

DS 3/14 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til tansport av materiale med snøskuter til Mørkves-Grøndalen i samband med istandsetjing av stølshus

DS 4/14 Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon til landing med helikopter i samband med transport av varer til turisthytter i Stølsheimen

RS 5/14 Miljøvedtaksregisteret og plikt til registrering av enkeltvedtak i verneområder